

Reketråling på Grønland



12. november 1975 - 25. januar 1976

*Molde, desember 2000
Knut Hallvard Ulla*

INNHALD

M-244-H "REMTOFT"	2
PÅ TUR TIL GRØNLAND?	3
MANNSKAPET	4
KLARGJERING	7
OVERFARTEN	8
GRØNLAND	9
REKE-FISKE	12
KRENGINGS-DRAMATIKK	13
"JULEFEIRING"	14
3. JANUAR 1976 - TRAGEDIE	15
LEVERING I NEWCASTLE	16
HEIME ATT	17

M-244-H "REMTOFT"

"Remtoft" - eg hadde høyrte namnet ofte heime dei siste par åra. Eg hadde ein nabo som var mannskap på "Remtoft", ein reketrålør frå heimkommunen min, Haram. Kva stod namnet "Remtoft" for, og kva var dette for ein båt? Alt dette skulle eg smerteleg få erfare i to og ein halv månad på reketråløring ved Vest-Grønland i slutten av 1975 og byrjinga av 1976.

Båten var bygd tidleg på 1970-talet i Nord-Noreg, og det var eit reiarlag der oppe som hadde båten eit par år. Båten vart kjøpt av Atle Remme og Kjartan Fjørtoft til bruk som reketrålør. Opphavleg var båten om lag 100 fot lang, men Remme og Fjørtoft såg at han måtte forlengjast, truleg for å ta større last med reker. Eg trur at båten vart forlengd med om lag 20 fot.

Kva gjer det med ein båt at han blir forlengd? Gjer det noko med stabilitet, dugleik i sjøen og funksjon elles? Det var moderne ekspertar som hadde konstruert "Remtoft". Det var mellom anna sagt at "Remtoft" ikkje kunne kantar uansett kor dårleg veret vart. Eg skulle få erfare mykje om dette på den reketuren eg var med "Remtoft" til Grønland. "Remtoft" var ein hekktrålør med styrehuset framme. Tråldørene var plasserte bak, ei på styrbord side og ei på babord side. Hekken var open bak. Det er heilt utruleg å tenkje på at det ikkje var ein port som ein kunne stenge når vi ikkje tok nota inn eller sette den ut. Det må kallast ein svært farleg arbeidsplass, særleg når ein veit at vi arbeidde i snø og is midtvinters. Glatt og ekkelt var det å arbeide der i halvmørke.

Vinsjane var plasserte rett bak overbygget, under tak. Dette var ein grei arbeidsplass. Vidare framover var det bysse og messe, og trapp opp i styrehuset. Der var lugarane til maskinisten og skipperen. Under dekk var fabrikkakterut og framanfor låg lugarane til oss fiskarane.

"Remtoft" var sjølvstøtt kalla opp att etter dei to reiarane Remme og Fjørtoft. Atle Remme var ein kar i 30-åra som verka grei og til å stole på. Han ordna opp i mykje under klargjeringa. Atle var frå Remme innanfor Brattvåg. Kjartan Fjørtoft var ekte fjørtofting. Han var ein dyktig fiskar, forresten bror til Palmar som er ein ivrig slektsgranskar. Kjartan var også bror til Hulda Remme som var gift med Øyvind Remme på Haramsøya.

Atle var til vanleg også skipper på "Remtoft", og Kjartan var vanlegvis maskinist. Det var eit hardt liv med ei hard drift. Derfor kunne ikkje båten liggje still. Atle og Kjartan hadde ikkje hatt fritur på lenge, og på denne turen var det tvil om "Remtoft" fekk full last til jul. Truleg måtte mannskapet feire jula på Grønland. Atle og Kjartan tok fritur, og det vart leigd inn ukjend mannskap for dei. Det var også vanskeleg å få anna mannskap til "Remtoft". Dei fleste vil vere heime i jula. Såleis vart det fleire ukjende blant mannskapet, mellom desse var eg.

PÅ TUR TIL GRØNLAND?

Det hang slik saman at eg nettopp var ferdig med militærtenesta denne hausten. I juni 1975 tok eg eksamen i tysk grunnfag ved Distriktshøgskulen i Volda. Eg hadde tre månader att av militærtenesta, og denne resttenesta tok eg frå juli til september det året. Eg var denne tida på Persaunet i Trondheim. Det var ei heilt nyttelaus tid, men eg vart no ferdig. Eg hadde gjort mi plikt for fedrelandet. Eg hadde ikkje noko spesielle planar for det komande året, og då onkel Harald skulle ha fri ein periode på "Skarvaag", fekk eg tilbod om å bli med på tråling saman med onkel Kalla, onkel Jørs, Bos (Edvin Verpeide) og Oddmund Sæterøy. Eg likte det ganske godt, hadde ikkje sjøverk, og var saman med eit mannskap som tok omsyn til ein stakkars skårunge. Samtidig var denne tida svært lærerik, og eg har hatt nytte av dette i mange høve seinare. Første gongen eg fekk dra nytte av desse erfaringane, var då eg drog til Grønland på reketråling.

Tida om bord i "Skarvaag" varte berre eit par månader. Eg visste at onkel Harald snart kom tilbake, og eg måtte sjå om eg fann meg noko anna å gjere. Ein dag fekk eg besøk av ein av naboane mine, Dagfinn Nogva. Dagfinn var fast mannskap om bord i "Remtoft" som no var heime og leverte siste rekefangsten frå Grønland. Dagfinn hadde hatt lite fri det siste året, og no såg han svart på ein ny tur som også ville føre til julefeiring heimanfrå.

Eg hadde høyrte mykje om reketrålinga på Grønland. Det var ikkje tvil om at det var gode pengar å tene på ein slik tur. Det var snakk om 30.000 kroner på eit par månader. I tillegg var det ei spanande utfordring, tråling i eit tøft miljø å framant farvatn. Eg er glad eg ikkje visste kor utfordrande det skulle bli.

Etter å ha tenkt over saka ein dag og fått mange formaningar frå mor, bestemte eg meg for å slå til. Eg skulle til Grønland på reketråling med "Remtoft". Eg hadde eit håp om å kome heim att til jul som ein rik mann.

MANNSKAPET

Eg kjende ingen av dei eg skulle vere saman med frå før. Dei fleste var frå Møre og Romsdal.

Skipperen heitte Jarle Almestad frå Herøy på Sunnmøre. Han var vikar for Atle Remme. Jarle var i 30-åra. Det gjekk med mykje kaffe og tobakk for Jarle på dei to månadene. Han var sta og bestemt og tok ikkje imot råd frå oss andre. Det var mange som var misnøgde med han. Jarle var sikkert ein flink fiskar på mange måtar, men eg kan hugse vi sa at han behandla mannskapet sitt dårlegare enn ein bonde behandla buskapen sin. Berre dei gongene vi var åleine på vakt på brua, eg og han, viste han ei viss menneskeleg side. Då kunne han vise interesse for meg og min familie og kva eg var interessert i.

Bjørn Farstad var bestmann, eller styrmann, som det eigentleg heiter. Han var avløyssar for Jarle på brua. Bjørn er ekte lepsøying. Han er eitt år eldre enn eg, og ein habil fotballspelar vart han etter at han slutta på sjøen. Bjørn hadde erfaring frå dette fiskeriet frå før, og han hadde vore med på fleire turar tidlegare med Atle Remme som skipper. Det var vel slik at det var Bjørn som kjende båten best av dei som var med. Eg kom godt ut av det med Bjørn. Vi var på bølgelengde. Han hadde godt humør, men visste også å seie frå når det var alvor.

Trålbasen heitte Per Fjørtoft. Han var frå same plassen som Kjartan, og hadde vore med "Remtoft" fleire turar tidlegare, men ikkje som bas, berre som vanleg fiskar. Per følte nok på at ansvaret var stort, og eg trur han var i tvil om han skulle ta på seg denne jobben. Likevel, han fekk full tillit av reiarane, så han tok ansvaret. Eg hadde møtt Per nokre gonger tidlegare på Fjørtofta. Eg hadde mange kjende der fordi ein av dei beste kameratane mine, Kjell Einar Fjørtoft, var derifrå. Eg gjekk på realskulen i Brattvåg saman med han, og i tre år i gymnastida i Volda budde vi på hybel i kjellaren til Gunvor Rønning. Det hende seg at eg var med Kjell Einar heim i helgane. Då møtte eg andre ungdommar, mellom anna Per Fjørtoft og fleire av syskena hans. Han hadde mellom anna ein bror som heiter Ståle. Ståle var også fiskar, men på ein annan båt som heitte Korallen av Brattvåg. Korallen dreiv rekefiske på Grønland samtidig med "Remtoft".

Per var ein utruleg kjekk og grei kar. Han var smålåten, han sa ikkje så mykje, men det var kar som kunne arbeide. Han var ein kraftkar som ikkje let seg be to gonger når noko skulle gjerast, og han lesste ikkje arbeidet over på andre. Ein gong reiv vi nota opp, og eg kan hugse at han stod på dekk og bømte heile natta i minus 30 grader. Det var ein hardbarka kar. Eg kan aldri hugse han sa noko negativt til meg. Han hadde mykje erfaring å dele med andre. Samtidig hadde han ein lun og god humor.

Maskinisten heitte Johan Alvestad frå Hildrestranda. Han var ein kraftig kar. Han kunne sitt fag og sa tidleg frå om at båten ikkje var i god nok stand til ein tur midtvinters til Grønland. Johan fekk mange problem med hovudmotor, hjelpemotor, vassforsyning og lenseystem. Han var flink til å reparere og få tak i nødvendige delar. Det hende til og med at vi måtte få tak i delar frå Noreg med fly over flyplassen på Søndre Strømfjord. Johan var den av oss som hadde best vurderingsevne i høve til

situasjonen som etter kvart oppstod. Derfor avbraut han turen. Han sa at dette ville han ikkje vere med på lenger og reiste heim med fly midtvegs i januar 1976.

Reiarane heime i Noreg forstod ikkje dette signalet og bestemte at vi skulle halde fram med ny maskinist. Vi fekk derfor ein kar frå Hareid som heitte Otto Pilskog. Han var veldig snill. Han såg snart at det var store vanskar med det maskinelle. Eg kan godt hugse at han ofte rista på hovudet over situasjonen, men han heldt ut.

Gunnar Alvestad var maskinassistent og i tillegg hjelpte han til i fabrikk når han hadde tid. Det vart det dessverre ikkje så mykje av fordi det stadig var vanskar å rette opp i. Gunnar var også frå Hildrestranda, og Johan Alvestad var onkelen hans. Dei to hadde eit godt forhold til kvarandre og samarbeidde veldig godt. Gunnar var ein blid kar, han var eitt år eldre enn eg. Han var forresten gift med Kirsti Fylling som gjekk på realskolen saman med meg i Brattvåg.

Mat måtte vi ha. Det sørga stueren for. Han heitte Ernst Haglind og budde på Valderøya. Ernst var opphavleg frå Austlandet, og det var lett å høyre på dialekta. Han hadde ikkje lagt om mykje. Eg har ofte høyrte at stuetar og kokkar på fiskebåtar var drikkfeldige. Dessverre var ikkje Ernst noko unnatak. Han heldt seg bra til å byrje med, men etter kvart som ting gjekk på tverke, vart problema større og større for Ernst. Dei siste vekene gjekk han på fylla heile tida. Eg kan hugse at han ofte vart sint for bagatellar, og nokon måtte det gå ut over. Men likevel var det utruleg kor han greidde å utføre arbeidet sitt. Maten stod på bordet i messa når den skulle, og det mangla ikkje på kvaliteten. Eg syntest ofte synd på Ernst fordi han hadde det så vanskeleg med drikkinga. Eg trur dette var grunnen til at det til slutt gjekk gale med han. Eg las nemleg i Sunnmørsposten ein del år seinare om ein stuert som hadde omkome på ein fiskebåt som låg ved kai. Han hadde falle ned mellom skutesida og kaia, stod det. Nokre dagar seinare las eg dødsannonse til Ernst Haglind i avisa. Han etterlet seg kone og born. Det var triste greier.

Harald Varpe var frå Bremanger. Eg trur han var litt over 30 år. Han var ein grei kar, som oftast med smilet på lur. Han var fiskar, det vil seie at han skulle gjere ulike arbeidsoppgåver på dekk med nota, orden og vedlikehald, i fabrikk med sortering, koking, pakking og frysing av reker. Harald budde på lugar saman med meg, han i underkøya og eg i overkøya. Vi hadde den bakerste lugaren på babord side. Lugaren var eit bitte lite rom med litt golv plass, ein vask, to køyar og to høge, smale skap med plass til klede og sko. Eg kom godt ut av det med Harald, vi kranqla aldri. Han var plikttoppfyllande og gjorde det han skulle og vel så det. Heime i Bremanger i Nordfjord hadde han familie med kone og born.

Gunnar Hagen var ein annan av fiskarane. Gunnar var frå Ålesund, og var vel nærare dei 60. Han var stor og tung og var ikkje så snar i sninga. Gunnar var også onkelen til Gunnar Alvestad, så det var ein del slektsforhold om bord. Det er ikkje sikkert det var berre av det gode. Etter kvart oppdaga vi andre at Gunnar Hagen stadig prøvde å finne dei lettaste arbeidsoppgåvene. Såleis gjorde han alt han kunne for å sleppe å gå på dekk og ta inn nota eller setje den ut. Dette kunne nemleg vere ein ekte skitjobb i full storm, snøkave og 30 minusgrader. Då må vi hugse på at desse 30 minusgradene verka som 50

i den sterke vinden som ofte var der. Gunnar likte best å sitje og stifte saman pappkartongar som rekene skulle frysast ned i. Dette var den lettaste jobben, og vi andre meinte at arbeidet burde gå på omgang, både for å gje forandring i arbeidet, og fordi arbeidsbelastninga skulle fordelast. Likevel var Gunnar snar å setje seg til stiftmaskina anten det var rikeleg tillaga med kartongar eller ikkje.

Sigurd Fylling var ein ekte slitar. Han hadde alltid eit lurt glis rundt munnen. Han sa ikkje så mykje, men arbeide kunne han. Likevel uttrykte han seg klart om kva han meinte om skipper Jarle Almestad. Det var Sigurd som sa at Jarle behandla mannskapet sitt dårlegare enn bonden behandla dyra sine. Sigurd var fast mannskap på "Remtoft". Eg kan tenkje meg at han var av den typen som ikkje greidde å vere i land. Fisket var livet hans, og derfor tok han sjeldan fritur. Sigurd var nabo til Atle Remme på Remme innanfor Brattvåg. Remme er ei lita bygd med nokre få hus heilt oppe ved Remmetunellen. Sigurd var vel 40 år i 1975, men han var alt prega av eit hardt liv, hardt arbeid, lite søvn, ujamn døgnrytme, lite fri, liten plass, mykje røyk og kaffe. Sigurd skulle få ei tragisk skjebne mange år seinare. Han heldt sjølvsagt fram som fiskar, og seinare byrja han på ein linebåt som heitte Bordanes frå Godøya. Sigurd var med på den skjebnesvangre turen utanfor Nord-Noreg i 1993 då Bordanes gjekk ned etter at båten var fylt med sjø gjennom den opne dragarluka. Sigurd var ein av åtte mann som kom bort på sjøen denne dagen i 1993. Det er grusomt å tenkje på dette no etterpå.

Jostein Grønning var ein ung gut på vel 20 år frå Øverås i Vestnes kommune. Han var også ein av fiskarane. Jostein hadde ein gard heime som han skulle ta over. Der hadde han kone og eit lite barn. Jostein var ein stor og kraftig kar, men han utnytta ikkje kreftene sine. Når ting gjekk på tverke, ga han seg over. Han var treg å stå opp når han vart tørna ut. Dette gjekk sjølvsagt ut over oss andre når han ikkje var på post til rett tid. Irriterande var det også. Han gjorde ikkje meir enn han måtte, og var glad den dagen vi vende nasen heimover.

Helge Engeset var den siste av fiskarane. Han var vel om lag 40 år. Helge Engeset var, som namnet tilseier, frå Grytastranda i Haram kommune. Han var forresten onkel til Nils-Arve Engeset som gjekk i klassa mi på realskulen i Brattvåg i 1967-1969 og på Volda gymnas 1969-1972. Helge var ein blid og positiv kar. Han jobba jamnt og trutt, dessutan var han ein rutinert fiskar både frå tråling og linefiske. Han hadde likevel glede av å erte meg litt fordi eg var "student", og eigentleg ikkje heilt akseptert som fiskar. Dette hadde han sjølvsagt rett i, men det var no berre på moro frå Helge si side. Dessutan er det slik på dei fleste fiskebåtar at dei røynde fiskarane må ha nokon å terge, det må liksom gå ut over nokon. Det er mellom anna dette som ligg i lagnaden til den såkalla skårungen, førstereisfiskaren. Men eg visste å slå frå meg, dessutan lærte eg fort og var ikkje redd for å ta eit tak. Helge sa mellom anna at det var så mykje tøffare i andre arbeidsmiljø enn om bord i norske fiskebåtar. Dette var vanskeleg for meg å forstå og akseptere. Med det knallharde arbeidspresset, lite kvile og søvn kunne eg ikkje tenkje meg at nokon kunne ha det særleg hardare. Dette skulle eg få stadfesta seinare.

KLARGJERING

Eg gjekk om bord i "Remtoft" i Brattvåg den 12. november 1975. Båten hadde nyleg levert siste fangsten med reker frå Grønland og hadde unnagjort nokre mindre reparasjonar. Det var om å gjere å kome seg av garde att slik at vi kanskje kunne få full last til jul. Eg merka alt frå første stund at det var tidspress, og at ein kanskje ikkje sette av nok tid til å overhale båten. Dessutan visste vi at vi gjekk til eit område som ligg langt mot nord på den kaldaste tida på året. Vi var også spente på kor hard denne vinteren ville bli.

Same dagen som eg gjekk om bord i Brattvåg, gjekk vi til Ålesund for å få med oss resten av mannskapet. I Ålesund måtte eg skaffe meg nødvendig utstyr av skikkeleg kvalitet. Eg måtte ha to sett med oljeklede, type Eriksen, hugsar eg. Skikkelege saker var det. Fora støvlar var nødvendig både til arbeidet på dekk der det ville bli svært kaldt og i fryserommet der temperaturen låg på 40 minusgrader. Skinnlue, vottar og arbeidshanskar høyrde også med.

Samstundes med dette provianterte vi. Store mengder med mat vart heist om bord. Her forstod eg snart at vi ikkje skulle lide noka naud i matvegen. Stuert Ernst Haglind passa på at han fekk med seg det han skulle.

Frå Kipervika i Ålesund reiste vi over vika til Hessa der vi tok om bord salt frå Saltkompaniet. Eg kan ikkje hugse kor mykje salt vi lasta om bord, men det var ganske mykje. Saltet skulle vi bruke til å salte vatnet i kokarane som vi kokte rekene i.

Siste stopp før vi sette kursen vestover, var Fjørtofta. Her tok vi om bord vegna. Trålnot og to reservenøter var sette i stand, og to nyoverhalte tråldører, eller skovlar, var heiste på plass bak på hekken. Skovlane vart så stramma fast under overfarten. Så tok vi farvel med reiarane Atle Remme og Kjartan Fjørtoft og sette kursen vest over havet ut gjennom Nogva-fjorden mellom Fjørtofta og Flemsøya. Då vi kom litt lenger ut kunne eg sjå den vakraste staden på jorda, Ulla, kverve i horisonten.

Sjøverken kom ganske fort trass i roleg ver. Dei jamne dønningane gjorde at "Remtoft" rulla stødig i sjøen. Eg strekte meg over rekka med jamne mellomrom og "mata krabben". Etter to døgn var eg kurert og merka ikkje meir til sjøverken på resten av turen sjølv om vi skulle oppleve svært dårleg ver seinare både ved Kapp Farvel og ved Vest-Grønland.

OVERFARTEN

Det var roleg ver den første tida av overfarten. Vi rekna med å bruke mellom sju og ti dagar før vi var framme i Færingehavn, som er den første tettstaden på Vest-Grønland. Vi såg ikkje land før vi passerte Shetland som låg der i tåkedis på vår babord side. Snart var det berre svarte havet i mange døgn.

Det var ganske kjedeleg, men litt vedlikehaldsarbeid og ettersyn med vegn og utstyr var det å gjere. Elles var det faste vakter på brua, fire timar i strekk, og så fri att. Alt før vi nærma oss Grønland merka vi noko som skulle gje oss svært store vanskar. Vi fekk sjøvatn i ferskvasstanken. Vi håpa at det berre skulle vere ein bagatell som kunne rettast på når vi kom til Grønland, og vi såg det som eit mellombels problem. Samtidig såg vi ganske fort kor viktig det er å ha godt og reint vatn anten ein skal vaske seg eller lage mat.

Godt og stabilt ver var det heilt til vi nærma oss Kapp Farvel, sørspissen på Grønland. Vi passa vaktene våre og pinsa klokka. Det vil seie å stille klokka etter kvart som vi passerte ulike tidssoner vestover. Området sør for Kapp Farvel er kjent for å ha svært dårleg ver. Det var sagt at der er 200 stormdagar i gjennomsnitt i året. Dette slo i alle fall til for fullt då "Remtoft" skulle passere Kappen, som vi sa.

Det vart storm og mykje bakking som det heiter. I to til tre døgn lå vi på veret og for både lenger sør og vest enn det som var planlagt. Eg hadde ikkje sjøverk sjølv om båten no verkeleg fekk vaska seg. Men eg kan ikkje seie meg fri for at eg var redd. Eg syns det gjekk både opp og ned og att og fram, og det var ikkje så lett å halde mat og dekketøy på bordet under måltida. Eg hugsar at eg tenkte at her kan det ikkje bli stort verre før "Remtoft" går rundt.

Endeleg kom vi så langt at det spakna litt og vi kunne setje kursen nordover langs vestkysten til første stopp som var Færingehavn.

GRØNLAND

Den største øya på jorda. Is og snø storparten av året, men grønt og frodig langs kysten ei kort tid om sommaren. Vi fekk oppleve Grønland på det kaldaste. Det vart meldt i dagsnytt seinare på turen at denne vinteren var den kaldaste og hardaste sidan 1907. Dette fekk vi verkeleg merke på kroppen.

På sett og vis var det ein fantastisk natur som møtte oss der Grønland dukka opp i det fjerne, i stilt og fint ver med eit snødekt landskap. Eg kan tenkje meg at det liknar mykje på Svalbard. På denne årstida var det mykje dårleg ver, kuling og storm, snø og is. Kaldt. Det er ikkje det at 25 minusgrader er så mykje, men når desse minusgradene flyttar seg fort i storm styrke, verkar det som om det er 50 minusgrader. Slik følte vi det når vi stod på dekk og tok inn nota eller sette ho ut. Likeeins var det å stå framme på bakken og banke is. Heldigvis var "Remtoft" ein hekktrålar. Med rorhuset langt framme, tok det mykje av slik at det ikkje vart så mykje å banke. Likevel var det evig nok. Eg misunte ikkje dei som var mannskap på andre båtar vi såg, til dømes Koralen, med rorhuset langt bak. Dei hadde mange timar med isbanking på eit kronglete område. Isen danna seg på bakken i tjukke lag når vi baska i styggever og sprengkulde. Det var viktig å halde bakken rein slik at vi ikkje isa ned. Derfor vart mange frivakter nytta til isbanking. Til det føremålet hadde vi med digre treklubber som vi slo på isen med. Så var det om å gjere å få den over bord.

Isfjella var også eit problem. I god sikt og godt ver var det berre ei vakker naturoppleving med store og små isfjell somme stader tett i tett, særleg langt nord i første del av turen. Seinare kom isfjella også lenger sør. I styggever og mørke var det ikkje mykje sjarmerande med isfjella. Dei var direkte livsfarlege der vi låg og bakka. Vi vart ekstra merksame på brua, for det hende at vi gjekk på eit isfjell, kunne det ende med katastrofe. Vi hadde augene på stilk og alle lyskastarane på for å speide etter isfjell. I tett snøkave vart likevel sikta utruleg dårleg sjølv med lyskastarane på. Heldigvis gjekk alt vel på heile turen.

På Grønland bur det om lag 50.000 menneske. 10.000 av desse budde i Godthåb som var hovudstaden og den største "byen". I 1975 var Grønland under Danmark, men vart sjølvstyrt del av det danske rike i 1979. 82% av dei som bur på Grønland er grønlandarar og resten er danskar. Grønland var opphavleg landet til inuitane (eskimoane). Dei hadde kome frå det nord-amerikanske fastlandet. Inntil europearane kom til Grønland, levde eskimoane av jakt og fangst av sel og andre sjøpattedyr. Eskimoane har vore under norsk og dansk styre i meir enn 250 år. Dette starta med at den norske misjonæren Hans Egede grunnla ein liten koloni i Godthåb i 1721.

Inuit, eller eskimo, tyder "Dei som et rått kjøt". Det var lett å forstå denne samanhengens sjølv i 1975. Ved fleire høve fekk vi sjå eskimoane kome inn med småkval som dei hadde fanga. Dei slepte dyra langs med skutesida inn til land, og heiste kvalane med ei kran opp på kaia. Då var dei der med ein gong og skar seg stykkje med rått kjøt og åt det. Det såg ut til at dei likt spekket ekstra godt. Store sneier med spekk gjekk ned på høgkant.

På den tida såg det ut til at dei sosiale tilhøva ikkje var så gode. Dei fleste, både unge og eldre, hadde dårlege tenner. Det var ikkje uvanleg å sjå ungdommar på under 20 år som var tannlause. Det var stort alkoholforbruk, og -misbruk. Det var lett å få tak i i vanlege butikkar, både øl, vin og brennevin. Gjennomsnittsalderen til eskimoane seier også ein del om desse tilhøva. Gjennomsnittsalderen for kvinner var om lag 65 år og for menn om lag 55 år. Dette er langt under gjennomsnittsalderen i til dømes Danmark og Noreg.

Det var ein del bilar å sjå, særleg i Godthåb, men også i Holsteinsborg. Eskimoane hadde ei avslappa haldning til biltrafikk. Ein kollisjon var ikkje så nøye. Berre bilen gjekk og ikkje var for mykje skada, var det berre å køyre vidare. Dei fleste bilane eg såg, var kollisjonsskada, bulka eller inntrykt støtfangar.

Butikkar og utestader var det ikkje så mykje av. Mest var det sjølvstekt i Godthåb. Der var det godt utval i det meste ein hadde bruk for. Eg kjøpte ikkje så mykje, men ein ting hadde eg bestemt meg for at eg skulle ha, og det var nytt stereo-anlegg. Derfor var eg tidleg ute og investerte i nytt Bang & Olufsen-anlegg. Radio og forsterkar Beomaster og kassettpelar med dolbyfunksjon Beocord. Dette var kvalitetsprodukt laga i Danmark, og ein god del billegare enn i Noreg. Likevel kan eg hugse at eg gav om lag kr 2.000 for kvar av delane. Her skulle det bli trøkk når eg kom heim. Eg fekk med meg dei to pakkane om bord og la dei på øvste hylle i skapet i lugaren. Der låg dei trygt skulle ein tru.

Det var i grunnen berre i Godthåb at det var noko uteliv. Det var særleg ein restaurant det folk møttest. Dit for vi av og til når vi låg i land. Folk var lett å kome i kontakt med, og det var tydeleg at fiskarane var populære. Vi gjorde oss forståtte på norsk/dansk og lærte også nokre ord grønlandsk.

Ein gong var eg til og med på kino. Det var i Holsteinsborg i november 1975. Holsteinsborg er knapt halvparten så stor stad som Godthåb med om lag 4.000 innbyggjarar. Holsteinsborg ligg ein god del lenger nord enn Godthåb, rett nord for polarsirkelen. Det var mest utanfor Holsteinsborg vi dreiv rekefisket. Det kosta 5 kroner å løyse billett på kino. Filmen starta klokka 21, men eg hugsar ikkje kva tid den slutta eller kva den handla om. Det som sit att i minnet er alle dei tekniske vanskane dei hadde med avspelingsmaskina. Eg har ikkje tal på alle avbrota på grunn av at filmen hoppa av. I tillegg var det pause midt i filmen. Det som elles slo meg var at alle var så tålmodige. Det var ingen som klaga eller gjekk derifrå. Eg blei også igjen til filmen var slutt berre for å få med meg denne kulturopplevinga. Kinobilletten har eg teke vare på som eit minne.

I 1975 var det ein flyplass på Grønland, og den låg i Søndre Strømfjord, rett innanfor Holsteinsborg. Ved eit par høve fekk vi sendt reservedelar frå Noreg med fly via Søndre Strømfjord, og maskinist Johan Alvestad reiste med fly frå denne flyplassen då han avbraut turen i januar 1976.

VATN

Reint, ferskt vatn er viktig anten ein er i land eller om bord i ein båt. Heime tek ein det som sjølv sagt at ein har reint vatn å drikke, til matlaging og reinhald av kropp, klede og hus. Ferskvasstanken på "Remtoft" låg akterut på styrbord side. Alt låg vel til rette med eigen vask på lugaren, felles dusj og vaskemaskin. Det var berre det at vi alt på overfarten til Grønland merka at ikkje alt var som det skulle. Ferskvatnet smaka salt. Vi fekk straks mistanke om at det var lekkasje gjennom skutesida. Vi rekna likevel med at det var ein bagatell som vi kunne ordne så snart vi kom i land på Grønland.

Då skroget vart undersøkt ved eit verft i Godthåb, viste det seg at det var ein sprekk på 30-40 cm i skutesida akkurat der ferskvasstanken låg. Dette førte til at saltvatn seiv inn i tanken. Problema vart store på mange måtar. Vi fekk ikkje vaske oss eller dusje om bord. Vi følte oss etter kvart som nokre ekte skitgrisar. Du anar ikkje kor god den dusjen var som vi fekk på Sjømannssentert i Godthåb dei gongene vi var i land. Eit anna stort problem var at vi ikkje fekk vaska kleda våre. Eg hadde ikkje med meg så mange skift, og det var ikkje heilt reinsleg arbeid heller. Særleg var det ekkelt at alle kleda vart innsette med salt i samband med saltinga av vatnet som vi koka reke i. Eg gløymer ikkje kor innsette sengekleda var med salt. Eg har ikkje tal på kor mange gonger eg snudde laken og dynetrekk i håp om at den andre sida skulle vere reinare. Til slutt var alt grovskite, som mor brukte å seie.

Vaskar og toalett såg ikkje ut. Vaskane var brune av skit, og toaletta var mildt sagt uapetittlege å bruke. Det vart til at vi sat på huk og gjorde frå oss så fort vi kunne. Eg skal helse og seie at det ikkje var like lett når slingringa var på det verste. Og den lukta.....

Matlaginga vart likevel prioritert. Vi fekk ferskt vatn når vi var i land. Dette vart spart på og nytta av stuerten til å lage mat. Tungvint var det likevel å vaske opp att då vi sjølv sagt ikkje hadde varmt vatn. Kaldt vatn måtte varmast opp kvar gong han skulle vaske opp att etter måltida. Overalt var det skite då vi ikkje fekk vaska skikkeleg. Det var mildt sagt uhygienisk.

Vi var fleire gonger til lands for å prøve å reparere sprekka i skutesida. Det vart til og med nytta dykkar som gjekk ned og prøvde med ein spesialmetode. Alle forsøk var mislykka. Til slutt gav vi opp og fann oss i å leve med situasjonen. I ettertid ser eg at skipperen var fullstendig ansvarslaus. Det er soleklart at han skulle sett kursen heim att til Noreg alt tidleg på turen for å rette på alle dei feil og manglar som var på "Remtoft".

REKE-FISKE

Grønlandsreker er noko spesielt. Dei er mykje større enn dei vanlege fjordarekene som vi får kjøpt på kaia heime i Ålesund. Og dei er mykje meir smakfulle. Vi dreiv trålfiske etter reker på vest-kysten av Grønland, frå Godthåb og nordover. For det meste dreiv vi i områda utanfor Holsteinsborg. Fiskeriet var svært variabelt, først og fremst på grunn av mykje dårleg ver, og at vi stadig måtte gå til lands for reparasjonar. Men når fisket slo til, var det ikkje måte på til fangst. Store flotte reker av svært god kvalitet. Då var det ikkje snakk om å ha frivakt. Då var det alle mann i arbeid for å få mest mogleg effektivt arbeid. Dette heiter brekkvakt. Det betyr at ein må arbeide på frivakta. Eg kan hugse ein gong det var fint ver og godt fiske. Då arbeidde vi i 54 timar utan frivakt og altså utan søvn. **HARDT LIV!!**

Ein fabrikktrålar er ein fabrikk på ope hav. Det gjev høve til å ta inn fangsten, foredle den og lagre den ved frysing slik at kvaliteten blir ekstra god. I fabrikk er det arbeidsdeling ut frå dei ulike oppgåvene som skal løysast. Til vanleg var det to mann på dekk som skulle syte for at nota vart sett ut og trekt inn på forsvarleg vis. Ein mann ved vinsjane og ein til å hekte frå tråldørene og få tømt trålposen. Frå dekket er det ei luke som kan opnast ned til ein lagertank der den levande reka blir verande til den blir slusa inn i fabrikk for sortering. Sorteringa skjer gjennom rister som slepp småreka gjennom. Dessutan må all småfisk og drit og lort lukast ut slik at det blir rein vare att. I fangsten var det støtt og stadig ein del fisk, mest kveite og steinbit. Den største av den fisken tok vi vare på og fraus ned. Eg hadde store planar om å lage tørrfisk av kveita, og dreiv og flekte i ledige stunder. Kveiterekling er gode saker. Problema var berre at det var svært vanskeleg å få tørt og dessutan vart reklingen for salt etter min smak fordi vi ikkje hadde ferskvatn å skylje i. Det som eg hadde hengt opp, vart til slutt dumpa over bord då kvaliteten var for dårleg.

Når reka er sortert i stor-reke og små-reke, blir den kokt kvar for seg. Vi hadde to kokarar, og vatnet skulle halde ein saltprosent på 10-11. Etter koking gjekk reka til pakking i 5-kilos kartongar. Kartongane hadde vi med oss flatpakka, og ein operasjon var å stifte saman kartonane med ei stor stiftmaskin. Dette var ein fin jobb som kunne utførast i sitjande stilling. Når reka var ferdig vegd og pakka, vart den lagt i innfrysingsrommet. Der var det om lag -40 grader. Frå innfrysingsrommet var det ei luke ned i lasterommet der reka endeleg vart lagra før lossing. Når vi hadde tømt innfrysingsrommet, var det svært viktig å stive av dei lada som var sette opp i lasterommet slik at ikkje rekekartongane skulle fye veggemellom.

Eg kan hugse ein gong det vart uhorveleg dårleg ver. Dette førte til at avstivingane våre rauk og rekekartongane flaut fritt i lasterommet. Eg skal seie deg vi fekk eit storarbeid med å rydde opp etterpå. Ikkje var reka like innbydande heller utan følehorn. Denne reka vart vraka.

KRENGINGS-DRAMATIKK

Det var som om uhell og ulykker skulle forfølge oss gjennom heile turen. Problema med ferskvatn var kanskje det mest alvorlege, men vi hadde også mange feil med hovudmaskin og hjelpemotor. Rett før jul heldt det på å gå skikkeleg gale. Vi hadde fått vanskar med lensinga frå fabrikk, og til slutt streika lensepumpene heilt. Vi tok inn mykje sjø, og fekk ikkje ut noko gjennom lense-systemet. Etter kvart byrja "Remtoft" å leggje seg over på babord side, og slagsida vart svært stor. Kvar var så Knut Hallvard Ulla når dette skjedde? Jau, han låg i køya og sov på frivakta si. Eg merka sjølvsagt slagsida, men det hadde vore så mykje slengring og så mykje merkeleg som hadde skjedd tidlegare på turen, at eg reagerte ikkje med å stå opp. Til slutt var det nokon som hadde sakna meg, og kom og vekte meg. Då var dramatikken i full gang...

Denne gongen var det ikkje veret som gjorde at vi hadde vanskar. Eg kom meg opp på dekk, og på veg dit såg inn i fabrikk. Der var det fullstendig kaos. Alt låg hulter til bulter, og "Remtoft" tok stadig inn meir vatn. Hovudmaskina var ute av funksjon på grunn av all sjøen, og no måtte vi ha hjelp for å kome oss til lands. Det kunne vi ikkje greie ved eiga hjelp. Heldigvis var Koralen i same farvatn, og vi fekk sett opp ein slepar. Sakte men sikkert seig vi inn til Holsteinsborg med meir og meir slagside. Til slutt stod sjøen ein meter opp på veggen i fabrikk og framover i lugarane. No forstod eg kor heldig eg var som hadde plassert det nye stereoanlegget og lysbiletframvisaren på øvste hylle i klesskapet. Vatnet stod midt oppe i skapet, og dei kleda som eg hadde det var gjennomblaute av sjøvatn blanda med olje og salt. Det var berre ein ting å gjere; kaste dei i fryseriet, og djupfryse dei i 40 grader til eg kom heim. Eg kunne vel ikkje vaske dei om bord, då vi ikkje hadde ferskvatn til vaskemaskina.

Då vi kom til lands i Holsteinsborg, stod brannvesenet klare med pumper for å lense "Remtoft". Det var mykje folk samla då "Remtoft" la til kaia. Etter kvart fekk dei tømt båten for sjøvatn, og han retta seg opp etter kvart. I mellomtida hadde eg funne fram fotografiapparata mine slik at eg fekk teke ein del bilete heilt frå vi kom til lands og av dei forholda som var om bord etter den store dramatikken vi hadde vore gjennom. No stod det att eit omfattande oppryddingsarbeid. Alt var slengt vegge-mellom, og blandinga av sjøvatn, salt og olje la seg som ei kvelje over alle flater. Det vart mykje å vaske over. Til dette måtte vi få vatn frå land, så dette gjekk for så vidt greit. Elles vart det no ei tid å vente på nye reservedelar frå Noreg. Hovudmaskina og lense-systemet måtte setjast i stand att før vi kunne gå ut på fiskefeltet.

Vi hadde opplevd mykje vanskeleg på ein og ein halv månad, og vi meinte no at verre kunne det ikkje bli. Her skulle vi ta grundig feil. Dette får du lese meir om i eit seinare kapittel.

"JULEFEIRING"

Då vi reiste heimanfrå i november 1975, hadde vi eit visst håp om å få full fangst slik at vi kunne rekke heim til jul. Etter kvart som alt gjekk på tverke, forstod vi at dette ikkje var mogleg. Det eine problemet avløyste det andre, og alt tok si tid å rette på. Såleis vart det lite kontinuitet i fiskeriet. Vi måtte stadig bryte av og dra opp trålen for å gå til lands for å rette på feil.

Så vidt eg kan hugse kunne "Remtoft" ta om lag 120 tonn med reke. Eg trur vi var vel halvt lasta til jul, og vi innstilte oss på å feire jul på Grønland. For meg hadde jul alltid vore fri frå skulen, god tid til å slappe av, møte kameratar som var heime på juleferie, gå på dans (det starta alltid med underhaldningsprogram og dans på Haram andre juledag og heldt fram på Longva, Austnes og Rogne) og ikkje minst mykje god mat.

Alle båtane som var på rekefiske ved Grønland, fekk innbyding til å feire jula ved Sjømannssentert i Godthåb. Det var nokre norske båtar, nokre spanske og ein del frå Færøyane. Alle såg fram til ein kosleg julaftan saman med andre fiskarar, men den gong ei... Jarle bestemte at vi skulle gå til havs for å halde fram fiskeriet straks etter at vi hadde ete julesteika om bord i "Remtoft". Alle andre båtane la stilt og drog til Sjømannssentert. No viste Jarle verkeleg sinn sanne jeg. Han tvinga gjennom det han hadde sett seg i hovudet. Men det skulle straffe seg...

Det var ingenting å klage på maten. Ernst hadde laga til det mest innbydande måltid ein kan tenkje seg. Det smaka verkeleg godt med fåreribbe og alt som høyrde til. Vi fekk ei lita gåve kvar frå reiarlaget. Nokon fekk askebeger, nokon lighter, og eg fekk fire små tinnkoppar med motiv frå Grønland. Eg nytta også høvet til å ta ein telefon heim til mor. Eg kan hugse at det var veldig dyrt, men eg fekk no snakka 5-10 minutt og fekk høyre at alt berre var bra i heimlandet. Verre var det at ho var svært uroa over meg. Klokeleg fortalde eg ikkje kor gale det var med alt, men visst hadde ho grunn til å vere uroleg.

Straks vi hadde fått i oss måltidet, var det å kaste loss slik at vi kunne kome oss ut på feltet. Her skulle ein nytte tida... Men vi var ikkje før komne ut på fiskefeltet, så bles det opp til storm, og vi blei liggjande og bakke i eit halvt døgn. Ikkje ei reke kom over ripa den kvelden. Det var straffa for at ein braut helgefreden.

3. JANUAR 1976 - TRAGEDIE

Veret var fint på nyåret. Det var godt å sleppe slingringa og fiskeriet gjekk strålande. Det var berre det at når det klarna opp og blei fint, vart det så uhorveleg kaldt. Problema var størst med sjølve trålinga, for havet tok til å fryse. Det gjekk greit å få ut nota, og det var ikkje vanskeleg å få framdrift, men vi fekk vanskar med at trålwirane la seg opp på isen slik at vi ikkje hadde kontroll med nota. Kva skulle vi gjere med dette? Vi kunne ikkje leggje stilt no når det var så godt fiskeri.

Notbasen Per Fjørtoft hadde tenkt mykje på dette og funne fram til ein metode som i teorien verka svært lur. Han ville feste ei blokk oppe i hekken, og stramme dei to trålwirane ned i grøvelen til "Remtoft", for der ville havet aldri kome til å fryse til is. Dessverre skulle dette bli skjebnesvangert for Per.

Eg hugsar det som om det skulle vere i dag. Klokka var 11 om kvelden den 3. januar 1976. Det var bekmørkt ute. Sigurd var på dekk saman med Per for å setje ut nota og prøve om teorien verka i praksis. Gunnar Hagen sat ved stiftemaskina og stifta kartongar som så ofte før, og eg stod og kokte reker i lange baner. Brått får vi høyre rop frå dekk. Det var Sigurd som slo alarm: Mann over bord. Vi styrta alle saman opp og fekk forklaring på kva som hadde skjedd. Patenten til Per hadde verka, ei lita stund. Han stod oppe på hekken akterut og såg til at alt verka som det skulle. Han stod på utsida av den wiren som stramma trålwirane ned, og brått slitna stramme-wiren. I og med at den stod i spenn, slo han Per over bord. Grunnen til dette var truleg at stramme-wiren var for tynn. Det såg vi etterpå; han var mykje tynnare enn trålwirane. Heile konstruksjonen vart som ein spent boge, og dette skulle bli Per si skjebne.

Vi byrja straks å leite. Vi fordelte oss langs skutesida og framme på bakken og bak på hekken. Vi brukte lyskastar. Men ingen Per var å sjå. Ein må hugse på at det var minusgrader i sjøen, og det er ikkje lenge ein greier å røyve seg i så kaldt vatn. Dessutan kan det hende at Per vart skada i det han vart treft av wiren. Vi fekk varsla dei andre båtane som låg i same området, og etter kvart var det nokre båtar som var med på leitinga. Den andre norske båten, Koralen, var i same farvatn, og ein av mannskapet der om bord var Ståle Fjørtoft. Ståle var bror til Per. Det måtte vere forferdeleg for Ståle å vere med på å leite etter sin eigen bror i det kalde isaudet ved Vest-Grønland.

Vi leita i om lag 12 timar. Midt på vinteren er det mørkt om lag heile døgnet, så ein må kunne seie at leitetilhøva var svært vanskelege. I tillegg var det så kaldt at vi ikkje kunne stå ute og speide så veldig lenge før vi måtte inn og varme oss. Men vi såg ingenting att av Per, og leiteaksjonen vart avblåsen. Ståle reiste heim med første fly frå Søndre Strømfjord, og "Remtoft" heldt fram med fiskeriet. Ingenting skulle stoppe oss såg det ut til. Det var ei forferdeleg tragedie som hadde skjedd, og det var grusomt å tenkje på at Per hadde forsvunne i havdjupet, og at vi ikkje skulle finne han att.

Seinare las vi i Sunnmørsposten at det hadde vore minnestund for Per i Fjørtoft kyrkje.

LEVERING I NEWCASTLE

På veg heim frå Grønland fekk vi melding frå reiarlaget om at vi skulle innom Newcastle i England for å levere rekelaisten. Turen over Atlanterhavet gjekk greit, og vi klappa til kai i Newcastle den 20. Januar 1976. Vi fekk eit par dagar fri i samband med leveringa. Lossinga vart gjort av sjauarar frå hamna, og vi tok oss turar på byen. Eg kjøpte meg mellom anna ein ny kikkert. Elles var det kjekt å stikke innom butikkar, kjøpesentra og pubar.

Newcastle er ein hamneby i den nord-austlege delen av England. Den ligg flatlendt til og er elles prega av industri. Byen er også kjend for fotballaget som stort sett har spelt i øvste divisjon i England. Tilfeldigvis var det fotballkamp akkurat den kvelden vi var der. Semi-finalen i liga-cupen mot Tottenham vart ei stor oppleving for meg og Bjørn Farstad, dei andre ville ikkje bli med. Vi fekk tak i billetter og fekk sjå ein god kamp saman med 51.000 tilskodarar på St. James' Park.

Her er kampfakta for ligacup semifinale, andre kamp på St. James' Park i Newcastle 21. januar 1976:

Newcastle United 3	Tottenham Hotspur 1
Mike Mahoney	Pat Jennings
Irving Natrass	Terry Naylor
Alan Kennedy	Don McAllister
Geoff Nulty	John Pratt
Glen Keeley	Willie Young
Pat Howard	Keith Osgood
Micky Burns	Ralph Coates
Tom Cassidy	Steve Perryman
Malcolm MacDonald	Martin Chivers
Alan Gowling	John Duncan
Tom Craig	Jimmy Neighbour
Innbytar:	Innbytar:
Stewart Barrowclough	Chris Jones
(for Irving Natrass)	(for Keith Osgood)
Mål: Alan Gowling, Glen Keeley (2)	Mål: Don McAllister
Tilskodartal: 51.000.	

HEIME ATT

Vi slapp ikkje unna styggever på turen over Nordsjøen heller. Det bles opp til full storm, og slengringa var endå verre no når vi hadde levert. Eg må seie at det var med ei viss glede og forventning eg såg Svinøy fyr dukke opp i synsranda. Det skulle bli godt å kome heim att og vere viss på at alle problem knytt til "Remtoft", var over. Vi gjekk rett til Brattvåg, og der vart vi mottekne av reiarane Atle Remme og Kjartan Fjørtoft samt ein del slekt og kjende til mannskapet. Eg pakka snippøskja mi og fekk skyss til Skjelten der eg tok ferja heim til Haramsøya.

Der møtte eg ei som var minst like glad som eg for at reketuren var slutt. Ho mor. Ho hadde vore redd heile tida, for ho hadde sine tankar om korleis det var om bord. Det var godt at ho ikkje visste kor gale det var....